VEDLEGG A

KRAVSPESIFIKASJON

1. GENERELT

Vestland Fylkeskommune (VLFK) har behov for ein hurtiggåande mann-over-bord-båt (MOB-båt) som skal nyttast i opplæring innan STCW konvensjonen (Standards of Training, Certification and Watch-keeping for Seafarers) ved Måløy vidaregåande skule avdeling Sikkerheitssenteret i Måløy.

Båten skal nyttast i praktisk sikkerheitsopplæring innan redningsfarkostar og hurtiggåande MOB-båtar, mellom anna handtering, manøvrering, søk og redning.

Målet med anskaffinga er å gje deltakarane praktisk og realistisk opplæring på utstyr som oppfyller krava til dei kursa og utdanningane vi tilbyr. Båten skal svare til den typen utstyr deltakarane vil møte i arbeidslivet, slik at dei får relevant kompetanse dei kan ta med seg vidare.

Sikkerheitssenteret i Måløy har opplæring for elevar, studentar og sjøfolk og skipsoffiserar. Båten vil såleis bli godt marknadsført for eit stort tal personar.

2. OMFANG

Verdien av anskaffinga er estimert til 1.950.000 eks. mva. Det vert teke atterhald om endringar i volum, mellom anna med bakgrunn i budsjettsituasjonar som påverkar oppdragsgjevar sin aktivitet.

Avtalen gjeld fartøy som er etterspurt i Vedlegg A Kravspesifikasjon og i Vedlegg C Prisskjema.

3. KRAVTYPAR

Heile konkurransen er å anse som krav det skal svarast på. Dette betyr at oppdragsgjevar føreset at tilbyder set seg inn i alle delar av konkurransedokumenta.

Absolutte krav (A^1)	Kravet MÅ tilfredsstillast ved tilbodsfrist Tilbod som ikkje tilfredsstiller MÅ-krav kan bli avvist. Kravet vert vurdert som oppfylt/ikkje oppfylt og vert ikkje poengsett.
Absolutte, poengsette krav (A^2)	Den delen av kravet som er definert som absolutt MÅ tilfredsstillast ved tilbodsfrist. Tilbod som ikkje tilfredsstiller MÅ-krav kan bli avvist. Det vil bli evaluert på i kva grad (kor godt) den delen av kravet som *ikkje* er absolutt blir oppfylt. Dvs. kor god meirverdi tilbodet visar *utover* minstekravet. Dette vil verte evaluert som en del av tildelingskriteria.

4. KRAVTABELL

4.1 Generelle krav til utføringa

Krav nr.	Oppdragsgjevar sitt krav	Kravtype
1.	Fartøyet skal vere klassifisert og godkjent som Fast Rescue Craft (FRC) i samsvar med gjeldande SOLAS-krav.	A1
2.	Fartøyet skal ikkje være sertifisert i samsvar med NORSOK R-002:2017.	A1
3.	Tilbydd fartøy skal ha løftearrangement dimensjoner i samsvar med SOLAS eller redningsforskifta for løft i davit med godkjent løftekrok.	A1
4.	Leveringstidspunkt skal vere maks 30 veker frå signert kontrakt	A1
5.	Leveringsstad: Sikkerheitssenteret i Måløy Nordfjordvegen 9081 6718 Deknepollen	A1
6.	Fartøyet skal leverast DDP Sikkerheitssenteret i Måløy	A1
7.	Fartøyet skal vere nybygd i samsvar med kravspesifikasjonen. Tilbydd fartøy skal vere fabrikknytt og ubrukt. Båten skal vere produsert seinast året før levering.	A1
8.	Det skal vere maks 4 timer reisetid med bil frå Sikkerheitssenteret i Måløy til verkstad. Verkstaden skal vere eigna og ha nødvendig utstyr, fasilitetar og kompetanse til å utføre reperasjonar, utbetringar og vedlikehaldsarbeid på fartøyet. Verkstaden treng ikkje vere eigd eller driven av tilbydar, men kan nyttast gjennom avtale med underleverandør eller annan samarbeidspart. Kortare reisetid vil bli positivt vektlagt. Dokumentasjonskrav: Kort skildring av aktuell lokalitet og reisetid til denne. Det skal dokumenterast at verkstaden kan utføre reparasjonar, utbetringar og vedlikehaldsarbeid på det tilbydde fartøyet, og at tilbydaren har tilgang til å nytte verkstaden for slike oppdrag. Dokumentasjonen skal vere stadfesta av verkstaden.	A2
9.	Pris skal gjevast opp i norske kroner (NOK) eks mva	A1

4.2 Krav til fartøyet

Krav nr.	Oppdragsgjevar sitt krav	Kravtype
10.	Skrogmateriale skal vere aluminium	A1
11.	Lengda på fartøyet må vere minimum 7 meter, maksimum 8 meter	A1
12.	Breidda på fartøyet må vere minimum 2 meter, maksimum 3 meter	A1
13.	Maksimal vekt på fartøyet 3000 kg. Ferdig utrusta, utan crew.	A1

Krav nr.	Oppdragsgjevar sitt krav	Kravtype
14.	Motortype skal vere innanbords diesel	A1
15.	Motorstørrelse 200-250Hp	A1
16.	Fartøyet skal kunne oppnå en toppfart på minimum 30 knop med to personar om bord, farten må dokumenterast. Dokumentasjonskrav: dokumentert via testing før overlevering	A1
17.	Fartøyet skal ha 1 stk. vassjet	A1
18.	Fartøyet skal vere godkjent for 10 personar om bord	A1
19.	Fartøyet skal vere konstruert for bruk som hurtiggåande mann-over bord-båt (HMOB)	A1
20.	Fartøyet skal ha elektrisk lensepumpe for motorrommet, som skal kunne betenes frå styreposisjonen. Motorrommet skal også ha en manuell lensepumpe.	A1

4.3 Rednings-og navigasutstyr

Fartøyet skal vere utstyr med følgande utstyr:

Krav nr.	Oppdragsgjevar sitt krav	Kravtype
21.	Kartmaskin med moderne og oppdatert kartprogram. Skal ha 12 tommar skjerm med touch screen tilpassa bruk på sjø.	A1
22.	Løftekrok som er godkjent for bruk i Davit, for eksempel H. Henriksen eller tilsvarande.	A1
23.	Forhalerkrok med utløysarmekanisme for forhaler	A1
24.	Redningsnett til løft av personar i sjø	A1
25.	Konsolltrekk som beskyttar instrumenter og konsoll mot vær og vind	A1
26.	2 framovervendte arbeidslys montert i targabøyle	A1

4.4 Tekniske og operasjonelle krav

Krav nr.	Oppdragsgjevar sitt krav	Kravtype
27.	Det skal gjennomførast overtakingskontroll ved levering	A1
28.	Fartøyet skal leverast med alle sertifikater, brukarmanualar og sjekklister som følgjer fartøyet og alt utstyret om bord. Både elektronisk og i papirformat.	A1

4.5 Miljø

Krav nr.	Oppdragsgjevar sitt krav	Kravtype
29.	Fartøyet skal leverast med ei dokumentert miljømessig forsvarleg løysing for begroingsvern. Dokumentasjon: Tilbydar skal skildre vald løysing og leggje ved produktdatablad eller tilsvarande dokumentasjon.	A1
30.	Leverandøren skal garantere at reservedelar eller funksjonelt tilsvarande erstatningsprodukt, samt service og vedlikehaldstenester for fartøy og motor, er tilgjengelege i minimum 15 år etter levering.	A1
31.	Fartøyet skal vere utforma for å redusere miljøbelastninga med tanke på lang levetid og reparerbarheit. Sentrale komponentar, som motor, navigasjonsutstyr, kommunikasjonsutstyr og anna drifts- og sikkerheitsutstyr, skal kunne reparerast, skiftast ut eller oppgraderast utan ombygging av fartøyet.	A1